



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

Radøy kommune  
ved landbruksforvaltninga og geodataansvarleg

Kopi:  
FMLA Hordaland v/ gardskartansvarleg og systemansvarleg for produksjonstillskot  
FMLA Hordaland v/ geodataleiar  
Kartverket Bergen  
Landbruksdirektoratet

Dato: 15.06.2017  
Deres ref: [Initialer]  
Vår ref: 17/01038 GROL

---

NIBIO  
Postboks 115, 1431 Ås  
Tlf: 03 246  
post@nibio.no  
nibio.no

Org. nr: 988 983 837


## Ferdigstilling av periodisk ajourhald av FKB-AR5 for Radøy kommune

Vi er no ferdig med periodisk ajourhald av arealressurskartet FKB-AR5 for Radøy kommune. Datasettet er lasta til Sentral FKB (den nasjonale databasen). Fylkeskartkontoret vil oversende oppdatert FKB-AR5 til kommunen.

Når kommunen får ny fil med FKB-AR5 frå fylkeskartkontoret, har kommunen igjen ansvar for kontinuerleg ajourhald i samsvar med gjeldande FDV-avtale i Geovekst.

Gardskart på internett og Kilden viser oppdatert FKB-AR5 måndagen etter dette brevet sin dato.

NIBIO vil halde eit nettmøte med kommunen for å informere om det periodiske ajourhaldet som er gjennomført, samt om arbeidet vidare og kva kommunen bør vere særskilt merksam på.



### Kontinuerleg ajourhald

Rettleiingsmateriell, og spesielt kokebøkene, er under stadig revisjon. Før kommunen skal i gang med det kontinuerlege ajourhaldet, er det viktig å lese siste versjon av rettleiingsmateriell på nettsidene våre. Sjå under *Kontinuerlig ajourhold* på <http://www.skogoglandskap.no/temaer/ar5>.



NIBIO

### **Ajourføring og Geovekst**

Kostnadene fordelt på partane vert satt i Geovekst-avtalen for prosjekt LACHHO41 Nordhordland 2015. NIBIO vil sende faktura til Kartverket for kostnadene knytt til ajourhaldet av FKB-AR5 i samsvar med Geovekst-avtalen.

### **Kva har NIBIO retta opp i det periodiske ajourhaldet?**

Periodisk ajourhald av FKB-AR5 skal sikre eit heilskapleg nasjonalt datasett ved å rette opp arealendringar. Feil og unøyaktige registreringar i kommunen sitt kontinuerlege ajourhald vil i enkelte tilfelle også verte retta opp. Vedlagt fylgjer ei skildring av prinsippa NIBIO jobber etter ved periodisk ajourhald.

Den 13.06.2017 vart det gjennomført eit avklaringsmøte om AR5 med kommunen, der vi gjekk gjennom areal som NIBIO ynskja å avklare. Etter møtet gjenstår det å avklare 19 areal. Desse er merka med eigenskapen ..INFORMASJON «NIBIO tror arealet kan være klassifisert feil. Kommunen må sjekke arealet.». Kommunen må sjekke og korrigere desse areala som ein del av det kontinuerlege ajourhaldet.

Kommunen fekk i etterkant av dette møte oversendt ein e-post vedlagt 4 filer. Fil 1260\_20170613\_sjekkes\_av\_kommunen.csv: Areal som ikkje vart avklart i møtet og som kommunen må sjekke.

Fil 1260\_20170613\_usikre\_innmarksbeiter.csv: Usikre innmarksbeiter som kommunen må sjekke.

Fil 1260\_20170613\_avklart\_i\_møte.csv: Areal som vart avklart i møtet.

Fil 1260\_20170613\_omklassifisert.csv: Areal som NIBIO har omklassifisert.

Filene kan lesast direkte mellom anna i Excel regneark. Hvert areal lokaliserast vha. Gnr/Bnr og koordinater.

### **Kart over endringane som er utført i det periodiske ajourhaldet**

Vi har gjort ei maskinell samanlikning av FKB-AR5 før og etter det periodiske ajourhaldet. Statistikk og kart over endringane vert tilgjengeleg i Kilden måndag etter dette brevet sin dato. Vi har og kobla endringskartet mot eigedomskart etter same prinsipp som for jordregister. De kan dermed bestille rapportar som syner antal dekar som er endra saman med nye arealtal for eigedomane etter ajourføringa. Sjå meir under *Endringsanalyse* på <http://www.skogoglandskap.no/temaer/ar5>

### **Jordregister og gårdskart**

NIBIO produserer *ikkje* jordregister og gardskart etter det periodiske ajourhaldet av FKB-AR5, slik vi gjorde ved fyrste gongs ajourhald.



**NIBIO**

Når oppdatert FKB-AR5 er synleg i løysninga "Gardskart på Internett" kan både kommunen og den enkelte gardbrukar finne oppdatert gardskart der. For å få oppdaterte arealtal i Landbruksregisteret må kommunen sjølv bestille eigenprodusert jordregister og sende arealtala til Landbruksregisteret.

Dette vert gjort frå vår nettside:

[http://www.skogoglandskap.no/temaer/for\\_landbruksforvaltningen](http://www.skogoglandskap.no/temaer/for_landbruksforvaltningen)

Sjå rettleiaren «Lag jordregister selv», under *Vedlegg* nedst på sida.

Her kan ein og bestille gardskart til å skrive ut samt rapportar over endringar per eigedom.

### **Informasjon om FKB-AR5**

For meir informasjon om FKB-AR5 viser vi til NIBIO si nettside:

[www.skogoglandskap.no/temaer/ar5](http://www.skogoglandskap.no/temaer/ar5)

Spørsmål kan rettast til NIBIO på telefon: 03 246, eller e-post:

[post@NIBIO.no](mailto:post@NIBIO.no)

*Venleg helsing*

Jostein Frydenlund  
Avdelingsleder

Gry Merete Olaisen  
Senioringeniør

- Vedlegg: Kva retter NIBIO ved periodisk ajourhald?